Statens vegvesen
Sogn og Fjordane
Vegkontoret

# Telefax

Blanketten skal sendast føre dokumentet

**Til**

| | |
|---|---|
| Namn: Svein Erik Hansen | Telefaxnr.: 73 59 47 78 |
| Adresse: Sintef - NTNU | |

**Fra**

| | |
|---|---|
| Namn: Jon Kvåle | Telefaxnr.: 57 65 39 86 |
| Avdeling / Kontor: Utbugging | Telefon: 57 65 57 46 |
| Adresse: | |

| | |
|---|---|
| Dato / tid: 5/11-96 | Antall sider inkl. forside: |
| Original vert oversend | ☐ Ja ☒ Nei |
| Merknader: | |

**E 16 LÆRDALSTUNNELEN.**
**SPENNINGSMÅLINGAR I LÆRDAL.**
**INSTRUMENTERIN I AURLAND**

Viser til tlf. 4/11.

Spenningsforholda i Lærdalstunnelen på Aurlandssida er fortsatt det vi anser for moderate. Det ser ut til at det er lite deformasjonar i fjellet - ser lite oppsprekking av påført sprøytebetong. Når forholda er slik ser vi det som lite sansynleg at forsøk med instrumentering for å registrere deformasjonar og spenningsoverføring til sikringsmidlar vil tilføre oss særleg praktisk viten/erfaringar.

Forsøka må difor fortsatt avventast og det vert ikkje i noko tilfelle aktuelt å gjennomføre forsøka på denne sida av jul.

På Lærdalssida har vi sprengt oss gjennom kryssområdet mellom tverrslag og hovedtunnel. I kryssområdet er det i samarbeid med NGI montert 3 stk. borholsekstensiometer. Vi vil vidareføre desse registreringane med 3-dimensjonale spenningsmålingar slik som det er beskrive i dykkar tilbod datert 24/9-96.

Postadresse
5840 HERMANSVERK

Telefon
57 65 57 00

Telefax
57 65 39 86

Spenningsmålingane skal utførast i det området som er ringa inn på vedlagt utsnitt av teikning E 3A. I dette området er det rigga til vaskeplass og ein reknar med at det kan borast frå denne plassen. Det er 380 V i området.

Vi ber om at de gir beskjed på førehand med ca. ei vekes varsel om når de vil utføre målingane. Tunneldrivinga går no med vekseldrift, men oppstillingsplassen ligg utanfor køyrebana.

Med helsing

Jon Kvåle

Kopi: Eeg-Henriksen Anlegg AS, 5890 Lærdal, fax.nr. 57 66 93 86
Statens vegvesen, Tynjadalen, 5890 Lærdal
Statens vegvesen, Nyheim, 5745 Aurland
NGI v/Eystein Grimstad




OVERSIKT PLAN M = 1 : 250

SNITT A - A M = 1:75




Tegn E9A